

Halling- jom



Lagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~
~ N.R. 2/12

INNHALD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Lagdans på Otta	side	5
Hallinglagsnytt	side	6
Ulf-Arne Johannessen	side	7
Minikurs kvart halvår	side	9
Synfaring på Hallingbu	side	10
Helgekurs i hallingspringar	side	12
Program for hausten	side	13
Dansedykk på Riksscena	side	14
Vedlikehald på Hallingbu	side	15
Bilder frå dugnadene	side	16
”På gjengrodde stier”	side	18
Lagsinformasjon	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Velkomen til ein ny haust i Hallinglaget!

Denne hausten blir særstak aktiv, der ein verkeleg kan lære seg hallingspringar om ein ynskjer det! Sjå programmet på midtsidene!

Eg oppfordrar særleg menn til å møte opp, for no har me særstak mange dyktige dansejenter med i laget. Om me skal bli eitt større dansemiljø, må det bli med fleire guitar. I dag er det vel med omlag 20 aktive dansejenter og 10 aktive menn. Om me får med 5 nye karer hadde aktiviteten auka betrakteleg, og dansekveldane hadde blitt enno betre.

Nokre av oss fekk i sommar med seg dei tre mest aktuelle tilskipingane for folk i Hallinglaget, Folkemusikkveka på Ål, Landskappleiken som i år var på Otta og Jørn Hilme stemnet på Fagernes. Det var mykje bra spel og dansing på desse samkomen, litt info. finn de i bladet.

Elles er det Hallingbu som har vore i fokus denne sommaren. Det er Olav Thon som har fått fart på oss, då han ville opp å sjå på hytta sjølv og sjå kva han kunne hjelpe oss med. Heilt fantastisk å få hjelp til dette, så då måtte me berre stå på. Nokre av medlemmene våre har verkeleg stilt opp, så me har fått gjort alt det som var nødvendig å få gjort. Det vart skikkeleg fart i nokre av oss: det har vore synfaring på Hallingbu, frakting av materialar, vøling av vindauge, reparasjon av tram, vedhogst; oljing, maling og lakkering av det nye midtrommet, samt opprydding rundt vassolla vår. Det viktigaste me fekk gjort på Hallingbu var at me fekk nytt golv og ein ny vegg i midtrommet. Her fekk me fjerna råte og sopp som var i ferd me å gjere stor skade, og som har gjeve ei vond lukt på hytta. Nye pilarar under kjøkenet var også særstak viktig å få gjort, elles ville snøen ha pressa deler av hytta ned. No er glasa måla og det vil etter kvart skine i nymåla vegger og lakkerte golv. Vedskjulet er også fylt opp med ved.

Fantastisk innsats av Thon & Co., og dei gode hjelparane i laget vårt. Mellom arbeidsøktene har me hatt gilde måltider og kvilestunder på vollen framom hytta. Ein STOR takk til alle som har delteke på dugnadene.

Fyrste øvinga i hallingspringar er over, og oppmøtet tyder på at det blir ein gild dansehaust. Folka til Thon har også sett i gang oppussinga av Nordahl Bruns gate 22 for fullt! Fasaden har fått ei ny fin raudfarge mot gata. Nye fliser kjem på toaletta, oppussing av leilighetane er i gang, brannsikringa er gjort og folk begynne å møte opp på dei ulike aktivitetane. På fyrste øvinga var det svært mange som lært seg å danse argentinsk tango i ei dansegruppe utanom BLS. Me kjem heilt sikkert til å halde på med hallingspringar, og folk glante interessert inn i Blåsalen og såg at me hadde det moro!

Velkomen alle saman, og kos dikkon med Hallingljom

Leve Hallinglaget!

Beste helsingar
frå Terje

Hallinglaget i Lagdans Senior under Lanskappleiken på Otta 2012



Hallinglaget etter lagdansen på Otta, der me klarte ein 22. plass av totalt 30 lag! Dette var bra då det var stor deltaking. Laget er glade og stolte over det å få til eit lag der oppe i nord!

*Ein stor takk til spelemannen **Ulf-Arne Johannessen**, som spelte ein gnistrande springar på einradaren sin for oss.*

På bildet ser ein framme frå venstre: Heidi Wie, Berit Grøtt Ellefsen, Grete Iversen, Anne Stuvøy og Bergitte Kjosvatn. Bak frå venstre står: Ulf Arne, Terje Grangård, Sigbjørn Galdal, Geir Tretterud, Bjørn Lien og Oddmund Vestenfor.

Para som dansa var etter det eg minnes: Oddmund og Berit, Geir og Anne, Sigbjørn og Grete, Terje og Heidi og Bjørn og Bergitte. Bjørn og Bergitte var så sporty og stilte opp på kort varsel då Olav og Else ikkje kunne delta akkurat denne fredagen.

Danseøvinga før tevlinga vart lang, innhaldsrik og veldig morosam!

Hallinglaget takkar alle dei som deltok.

Hallinglagsnytt!

- Vår nye styremedlem Simon Hesselberg Løvald må seiast å vere årets dansekomet! Simon er no på 1. premiegradsnivå både i hallingspringar og laus! Og ikkje nok med det, han var med "Hallingan" som vant Lagdans Senior på Landskappleiken (LKL) på Otta i juni med heile 199 poeng! Her var han med i eit lag som bestod av seks par ungdomar som kom med noko nytt! Simon dansa hallingspringar med Solveig Brekke Hauknes på LKL og fekk 84 poeng og premie! På Jørn Hilme dansa han hallingspringar med Margit Myhr og fekk heile 90 poeng! (85 poeng er 1. premiegrad) og vant B-klassa! I Laus klasse B fekk han 83 poeng på LKL, og på Jørn Hilme vant han B-klassa med 87 poeng! Simon er vel også den ivrigaste dansaren under dansen på kveldane og utviklar seg stadig! Hallinglaget gratulerer og håper Simon vil bidra på øvingane i mange år framover. Fortset han slik er han A-klasse dansar i springar og laus om to år.
- Hallinglaget i Oslo klarte å stille lag på Otta, og deltok i Lagdansen for 6. gong på rad! Sjølv om me slit litt med å få til lag, så er stemninga særskilt god under desse tevlingane. Her skapast samhald og lagkjensle som er viktig for laget. I år fekk me Ulf-Arne Johannessen til å spele for oss på einradar! Det vart ein fest og ei særskilt innhaldsrik øving på to gongen ein halv time då me fekk med ”pausa” før me gjekk på scena. Heile 30 lag stilte opp og Hallinglaget klarte ein heiderleg 22. plass med 159 poeng- Ein stor takk til Ulf-Arne som spelte så bra for oss.
- Bergitte Kjosvatn dansa seg opp i A-klassa på Otta, i Dans fele med Svein Are Vatnehol. Dei dansa ein Springdans frå Nordre Sunnmøre. Imponerande, for dei hadde ikkje fått øvd så mykje, men begge kan danse! Håper dei kjem innom og dansar hallingspringar i haust?
- Hallinglaget saman med Numedalslaget stilte opp for Danseru'-gjengen frå 12.-15. april. Dei sette opp framsyninga ”Liti Kjersti” på Riksscena i Oslo, som eit resultat av danseprosjektet som har vore i Buskerud dei siste tre åra. Så difor stilte Buskerud-laga opp på denne dugnaden og laga til mat til 28 ungdomane og 3-4 leiatarar desse dagane, frå kveldsmat torsdag til middag sundag då framsyninga vart vist på Riksscena. Alle som var med synes det var gildt å bli betre kjent med dei som var med, for dette var kremen av norsk ungdom. Framsyninga har etter dette vore vist på Folkemusikkveka på Ål, på Landskappleiken på Otta og vart avslutta på Jørn Hilme stemnet. Så no håper me nokre av ungdomane flytter til Oslo!
- Renate Nysted Tønnessen fekk ein son den 25. februar som har fått namnet Tobias. Hallinglaget gratulerer dei stolte foreldra, Renate og Terje, samt dottera Tiril med den nye gutten, og ynskjer dei alt godt framover.
- Kathinka Mohn gifta seg den 11. august med sin kjæraste Gudmund. Bryllupet vart feira tre dager til ende i Hovåg, Lillesand, med sol og hav som de beste vitner. Hallinglaget gratulerer!

Ulf-Arne Johannessen, dansar, skodespelar og folkemusikar!



Finalespel Durspel Senior på Otta, Kongepokalen glapp, men 2. plass og stor applaus frå salen! Ulf-Arne er best når det gjeldt og spelar eit utruleg godt dansespel! (Foto: Hallingdølen)

Hallinglaget ynskjer å gratulere Ulf-Arne Johannessen, som var ”eit heilt lag” for seg sjølv på Otta! Ved sidan av å spele for oss på Lagdansen og vere ein særslig triveleg deltagar på Hallingcampen, så stilte han opp i heile tre øvingar og gjorde det kjempebra:

I Dans Hardingfele kl. A fekk har ein fin 3. Plass saman med Ingunn Stræte Lie, dei fekk heile 98 poeng. Og så klarte han det kunsttykke å komme til finalen i to øvingar på laurdagen, både i Laus og Durspel Senior, så då hadde han nok å tenke på? Men Ulf-Arne taklar stress svært bra. Det var særslig god deltaking i desse øvingane, med nesten alle Frikarane til stades og heile 21 durspelarar for i denne klassa var det sett opp Kongepokal! Resultat var 3. plass i laus og 2. plass i durspel! Kongepokalen gjekk til Øyvind Sandum, ein sympatisk 30-åring frå Vågå.

Dette er kva eg skreiv om den fantastiske framsyninga i laus under Meisterkonserten på Otta sundagen:

*”I laus vart det ein 3. plass til Ulf-Arne etter Hallgrim Hansegård og Sigbjørn Rua, men plasseringa kunne like gjerne vore snudd på hovudet med andre dommera. Showet dei laga på Meisterkonserten var verdt heile turen, her tok dei ein ”halv laus” kvar etter at dei dagen før måtte danse gjennom heile lausen to gonger. Og på Meisterkonserten spelte Sigbjørn **munnharpe** til Ulf Arne som dansa fyrst, så spelte Hallgrim **hardingfele** til Sigbjørn då han dansa. Til slutt spelte Ulf Arne **einrader** til Hallgrim då han dansa med utruleg kraft. Fantastiske lausdansarar alle tre”.*

Hallinglaget gleder seg også over at Ulf-Arne Johannessen tek over som ny leiar av Folkemusikkveka på Ål. Eg ynskte han all mogeleg lykke med den nye jobben og sa at nå kjem i alle fall eg og mange andre oppover til neste vår. Med god humor svara Ulf-Arne:
"Hjerteleg takk, blir spennande! Obligatorisk oppmøte neste mai:)"

Ulf-Arne var også dommar og spelemann under Jørn Hilme stemnet i juli, så eg håper han har knytta gode band til våre granner i aust, for me har jo mykje felles, og er det nokon som kan spele og danse så er det jo hallingar og valdriser.

Maken til respons han fekk til dansespelet på einradaren sin i Slidrehuset på laurdagen var enorm, det var minst 70 ungdommer som hylte og skreik – ja, det var full rockestemning. Eg var så heldig å få danse med, det er slike opplevingar som gjer at ein synes det er moro å danse folkedans. Det må ha vore søkkande moro å få slik respons frå ungdommen? Ulf-Arne smilte! Det er utruleg moro at me har ein slik spelemann og dansar i Hallingdal, for det er moro å ha nokon å heie på.

Så set av nokre dagar i mai neste år, det var tunt med folk frå Hallinglaget i år, kanskje fordi det var i Pinsa og at dei hadde gløymd å skrive at det var dans på fredagen! Det var det sjølvsagt, mellom anna av dei to karane nedanfor: Torstein Gjeldokk og Ola R. E. Imset.

Terje



Ola R. E. Imset og Torstein Gjeldokk er med å set farge på Folkemusikkdagane på Ål.

Synfaring til Hallingbu med Olav Thon!

Det var befaring til Hallingbu tirsdag 19. juni, med Olav Thon og vedlikehaldsjefen Vidar, samt Else og underteikna. Været var heilt topp så det vart ein sær fin tur i skogen. Olav Thon likte seg på Hallingbu og stemninga var svært god!

Thon syntes at Hallingbu var mykje betre enn forventa! - så Else og eg måtte peike på skavankane Vedlikehaldssjefen såg også eindel svakheiter, men dei hadde ikkje lyst til å skifte taket på hytta – for det hadde vorte eit stort prosjekt! ...

Men til slutt så var det ein god del som me vil få gjort:

1. Ny køyeseng a la Turistforeningen, 120 cm nede og 80 cm oppe, med nye madrassar frå Ekornes (slike som Den norske Turistforeningen bruker). Thon sa det var viktig med gode madrassar, så no kan bli fleire nye gode madrassar med bredde 80 cm og 10 cm tjukke.
2. Nytt golv i midtrommet med furuplank som i stugua, samt ny plate under omnen.
3. Pusse, kitte og male det store vindaugelet i stugua.
4. Lime, skru og feste pipebeslaget skikkeleg.



Vidar, Terje og Olav med Sinober i bakgrunnen. Været og stemninga var heilt topp!
Fotograf: Else.

Thon vil sende opp Vidar saman med eit par karer nokre dagar! Me viste dei også pilaren under kjøkenet som var falt ned, samt det slitte glaset i midtrommet og taket. Han ville ta med skruvar til bølgjeblikket, lim etc. Eg er viss på at dette er flinke folk som heilt sikkert få gjort ein god del på desse dagane ...

Eg vil undersøke med Nittedal Kommune korleis me skal gjere det med nykel til bommen til Sinober under arbeidet. Eg lovde også å fikse trammen som me såg var rotен nedst, for eg har nokre plankar i garasjen som kan brukast. Dette fekk eg gjort på ein tur i ferien min.

Me vil satse på å bære inn det som skal fraktast på dugnad. Olav Thon syntes det var bra! Fleire av medlemene i laget har kome med positive tilbakemeldingar, så om me får med oss fem personar så bør dette gå greitt! Det er overkommeleg å bære nokre golvplankar og ein del madrassar. Det var nesten ”godt” at ikkje heile taket skal skiftast ut, for det hadde blitt tøffe frakteturar! Hallinglaget er svært takknemleg for at Olav Thon vil hjelpe oss med å ruste opp Hallingbu for dei neste tiåra.

Ein stor TAKK til Olav frå Hallinglaget.

Terje



*Vidar, Olav og Else med Sinober i bakgrunnen. På veg heimatt etter befaringa!
Fotograf: Terje.*



Rotevtene rundt vassolda på Hallingbu! Her kunne både brønnhuset og uthuset blitt knust!

Det var ein storm rett før jul i fjor som blåste ned mange store trær i Lillomark ...

Fotograf: Terje.

MINIKURS i HALLINGSPRINGAR

Sundag den 16. september i Halli kl. 18.00

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved Knut Skrindo som får hjelp av jentene i laget.
Dansespel ved våre gode spelemenn Ola R. E. Imset og Atle Haugen.

Frå kl. 20.00: Hallingspringar ein ekstra time.

Kom aleine, som par eller fleire i fylgje. Dansarane i Hallinglaget er mobilisert!

Inngangspengar: 100 kroner som gjeld for heile Folkedanskvelden.
Hugs at det kvar sundag er Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate!

Ta med deg danseskøa og kom og dans! Alle er velkomne.

Oppfordring til alle: Drive litt PR for denne kvelden, så fleire lærer seg dansen vår ...

HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

17. - 18. november 2012



Laurdag: 17. november, kl. 12.00 - 16.00

Sundag: 18. november, kl. 12.00 - 16.00

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Instruktør(ar):

**Sissel F. Rudningen, A-klassen dansar som dansar jente og gut like godt!
Alle dansarane i laget vil vere med og lære folk dansen så godt dei kan.**

Spelemenn:

**Ola R. Imset (laurdag) og
Hilde Kirkebøen (sundag), begge på hardingfele.**

Biletet synes Håkon Tveito og Sissel Flatland Rudningen på Jørn Hilme stemnet 2007. Der vant dei A-klassa!

Mat: Det blir ei god matpause kvar dag der kvinnene i laget vil sørge for maten.

Pris: Kr. 400,- for deltakarane, der mat, kaffi og te er med i prisen!
Studentar og ungdom under 20 år berre kr. 300,-.

Kursinformasjon:

Dette blir eit kjempebra kurs, både for nye og for røynde dansarar. Sissel F. Rudningen (1970) er A-klassen dansar og har studert hallingspringaren under studiet sitt på Rauland og arrangerte eit legendarisk springarseminar på Gol tidleg på 90-talet, enno så ung ho var! Der var eg med og fekk auga enno meir opp for variasjonane i hallingspringaren! Sissel vant heile A-klassen på Geilo (Landskappleiken i 2007) saman med Knut Skrindo! Det var ei stor hending; Sissel er ei av dei beste dansarane me har i Hallingdal.

Gutane i laget vil stå i kø for å danse med Sissel og laget håper at me skal få med enno fleire gutter på dette kurset! Sissel dansar like godt gut som jente og vil syne oss både jente- og gute-stega slik ho meiner dei skal gjerast. Ulike stordansarar kan møte opp når Sissel er i byen?

Sissel vil leggje vekt på mange interessante moment i hallingspringaren:

- slik som rytme, steg, teknikk, vendingar og variasjonar....
- Her blir det liv og leik, og mange deltakarar!

NB! Meir hallingspringar får ein ikkje dansa i haust ... **så meld dykk på med ein gong!**

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- 5. sep.** Springarøving kl. 19.00.
- 19. sep.** Springarøving kl. 19.00.
- 3. okt.** Springarøving kl. 19.00.
- 17. okt.** Springarøving kl. 19.00.
- 31. okt.** Springarøving kl. 19.00.
- 14. nov.** Springarøving kl. 19.00.
- 28. nov.** Springarøving kl. 19.00.
- 12. des.** Juleavslutning m/dans kl. 19.00.
Utdeling av diplom til ihuga dansarar

Andre viktige hendingar dette halvåret:

**Sundag 16. september: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Ola Imset spelar!**

Det blir god instruksjon ved **Knut Skrindo** i ein og ein halv time, og det blir springardans ein ekstra time etter kurset. **Møt opp!**

Laurdag 13. oktober: Dansedykk Hallingspringar på Riksscena heile dagen! Her må interesserte møte opp! – og drive PR for helgekurset vårt!

Laurdag 27. oktober: Oslokappleiken i NB gt. 22 heile dagen, Kappleiksfest med mykje dans og moro på kvelden!

Sundag 11. november: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden frå kl. 19.30. **Enebakk Spelemannslag** med **Ola R. Imset** spelar.

17. – 18. november: Helgekurs i Hallingspringar!

Laurdag og sundag, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagar.

Instruktør: **Sissel F. Rudningen, A-klasse dansar frå Hemsedal.**

Spel ved: **Ola R. Imset og Hilde Kirkebøen** (hardingfele)

Pris: kr 400,- for kurset, der eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen!

Møt opp og bli ein betre dansar!

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (22 52 22 67/ 48 20 46 52), (grangard@c2i.net)

Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), (berit.ellefsen@dnbnor.no)

Elin Berget: (98 01 99 10), (elinberg04@hotmail.com)

Dansedykk Hallingdal, på Riksscena laurdag 13. oktober!

Denne laurdagen (13/10) inntar hallingsdølene Riksscenen!

Det blir kurs i hallingspringar med Gunnlaug Lien Myhr og Martin Myhr. De er A-klassedansere og Gunnlaug er landskappleikvinner i hallingspringar. Begge har lang erfaring i å introdusere nye folk til denne tradisjonen. Spelkvinne blir Ingebjør Sørbøen. Hun har blant annet bakgrunn fra utøverstudiet på Ole Bull Akademiet. Dersom du har danset hallingspringar før, kan du gå på kurs for viderekommende med Ingunn Stræte Lie og Ulf Arne Johannessen. De er også A-klasse dansere og har vunnet landskappleiken. Arne Anderdal spiller på dette kurset. Han er høyskolelærer på Ole Bull Akademiet.

I Arkivdykket vil du få se ulike opptak fra Hallingdal som presenterer dansetradisjonen og viser ulike varianter og stilretninger. Dette er et “must” for deg som er over gjennomsnittet interessert i dans.

Om kvelden kan du danse til drivende godt hallingsdalsspel. Alle musikerne spiller til dans: Ingebjør Sørbøen, Ulf Arne Johannessen, Ingunn Stræte Lie og Arne Anderdal.

Program:

14-17: Kurs i hallingspringar nybegynner/viderekommende

19-20: Arkivdykk

20-24: Dansekveld

Sjå også: www.riksscenen.no



*Den nye Riksscenen for Folkemusikk og dans, Trondheimsveien 2, Oslo.
Fotograf: Terje.*

Vedlikehaldet på Hallingbu

23 august vart oppussinga av Hallingbu starta med eit arbeidslag på tre mann, med Vidar Kvam, ein kraftkar frå Sogn, som leiar.

Me tromma saman ein liten dugnadsgjeng, Terje, Michel og eg, for å bere inn plank og materialer. Arbeidslaget hadde køyrd opp til Sinober, og bori materiala over bornehagen og til den andre sida av grinda, der dei låg fint stabla under plast, og venta på uss.

Oppå hytta var karane godt i gang. Heile golvet i midtrommet var allereie rivi opp og ut, og i nokre av bjelkane i golvet og i veggene under glaset vart det oppdaga sopp og råteangrep. Nokre plankar vart skifta medan dei andre vart behandla med antiparasitt. Ute på tunet brann eit lite bål med dei råtnede plankebitane.

Etter full oppdatering av Vidar på arbeidet la me i veg bortover til Sinober. Og godt var det at me ikkje hadde småsko for på stigen var det blaute tilhøve!

Tilsaman vart det fire turar, og alt unnagjordt på to-tre timer. I den tida hadde karane på Hallingbu fått jekka opp hytta under kjøkenglaset, og lagt inn nye pilarer og støyp. Og så kraftig vart hytta jekka opp at kjøkenglaset ikkje gjekk att, men det er ingenting som ikkje kan løysast! Dei gjøvv på oppgåva inne frå kjøkenet, og fekk justert glaset slik at det gjekk att og golvet på kjøkenet var fint i vater att.

Etter ein lang symjetur i eit alltid oppfriskande Ormtjern, varma me kroppar og brødkiver over bålet medan Terje bau på kaffe.

Da me vandra ned att tidleg kveld var me nøgde, slitne, mette og varme, og Terje konkludere med at : "Makan te handverkarar har eg ikkje sett sidan min gamle bestefar heldt på- og han var ein tømmermann av dei sjeldne!"

Takk Hallingbu, for roen, og Terje og Michel for god prat og sterke skuldre!
Else



Michel og Else med ei bør med golvplank i lange lengder. Fotograf: Terje.

Bilder frå dugnadene på Hallingbu



Terje fekk besøk av Elin Berget og Svein Aasen på arbeidsturen sin i ferien, han serverte dei "Blomkålsuppe a la Hallingbu" - som smaka! Fotograf: Svein Aasen.



Michel Gascoin og Else Mohn klar for fraktedugnad ein torsdag kl. to! Fotograf Terje.



Svein bar opp de siste to madrassene etter arbeidstid, godt å få alt frakta opp!
Fotograf: Terje



Grilling på vollen etter arbeidet, både Terje, Sigbjørn Galdal og Else Mohn tok ein feriedag for å få gjort det som gjerast skulle! Fotograf: Svein Aasen

Historisk artikkkel: "PÅ GJENGRODDE STIER"

Her er noen historier fra Sinobertraktene av H. O. Christophersen i 1956 og av Borrebæk frå 1870-årene. Historiene er levert av Hans Kilen alias Tyri-Hans!

Vi skiltes sist på den vakre Nordskogvangen. Det er få steder i Oslomarka hvor en føler seg så langt ”nord i skogen” som her, og enda er vi bare rett øst for Vaggestein i Maridalen. Navnet gjør vel sitt til å gi oss denne følelse, men mest skyldes den nok stedet selv. På den nedlagte boplassen under Brennberget blir en både haugtatt og skagtatt.

Denne gangen skal vi likevel lenger nord i skogen. Vi kaster et siste blikk på det drømmende Nordskogtjernet og følger stien over bekken. Like bortenfor kommer den gamle Hadelandsveien inn på den blåmerkede stien fra Lilloseter. Vi passerer Skrytebekken i en senkning i Skotmosan og snart er i på den grønne og vide Sinobervangen.

I dag domineres den gamle vollen av Nydalen Skiklubbs vakre hytte. Men i gammel tid hadde Nittedalsgården Skøyen seter her oppe, og stedet kaltes da ofte Skøyenseter. Seterhusene skal ha ligget i den enden av vollen hvor den nye skihytta nå ligger. Som så mange steder i Oslomarka var det opprinnelig både plass og seter her inne. Plassen kaltes før også for Fautvangen, for Skøyen var i gammel tid futegård. Mot slutten av det forrige århundre begynte plassen å bli kalt Sinober, og dette navnet går den under i dag. Også i Sørkedalen fins det en Sinober-plass, tett ved gården Strøm. Navnet på den gamle plassen i Skøyenmarka har ikke noen direkte sammenheng med drift på kvikksølvertsen sinober. Det skriver seg fra en kjent felespiller som i lange tider var oppsitter der, og som kom fra Sinoberud i Nannestad. Borrebæk forteller følgende om denne karen:

”Han var en navngjeten Spillemand i disse Trakter og i Nittedalen, hvor han stadig var med ved Brylluper og deslige. Et godt Ord var også nok til at få Klunk i hans Fele, især når det kunde ledsages av en Skvær fra Flasken. Mangen Kveld – så vel Vinter som Sommer – har jeg lyttet til hans underligt stemningsfulde Feletoner og beundret hans Gjestfrihet, -- ja det hendte ofte, når det var mange av os, at Gamlingen selv tog Nattekvarter i Liua (Laden), for at Gjestene kunde disponere frit over hans hele Stue. Dette var ikke altid forbundet med Behageligheter, da Gamlingen ofte ikke var ganske rensiktig anlagt, men det bar man gjerne over med, saasom Gamlingens dyktige Felespil og merkværdige Historier gav fuld Valuta. Han var noget av en Wergelandsgut. Nu er han død og andre flyttet ind i hans Stuer”.

I vårt århundre har Sinober vært et søkt utfartssted for Nittedals- og Akersungdommen. Særlig om vintersøndagene har strømmen dit inn vært sterk. Den gamle stua står fremdeles, men den er påbygd i begge ender. Tilbyggene er gjort med skjønnsomhet, så stedet har bevart meget av sin opprinnelige karakter. Folkene på Sinober er kjent av tusener av skiløpere og fotgjengere. Med hjertelag og humør har de i en lang årrekke stelt for farende folk. Men det har vært mye slit for dem inne på veiløse skogen. Nå er de blitt gamle og har vondt for å greie det lengre. De har måttet gi opp kyra, og nå har de solgt stedet til Nittedal Kommune. De har altså vært sin siste sommer på Sinober. Heldigvis vil kommunen sørge for at stedet fortsetter å være utfartssted i den gamle stil.

Det er mangel på god kjørevei som gjør livet her inne så altfor strevsomt for menneskene. Transporten fra bygda blir for tungvint. Og meget er det som skal fraktes, for det er ikke lite som går med på en plass som Sinober en fin utfartsdag om høsten eller vinteren. Det er hesten

som må holde for, ved siden av folkene. Jeepen kunne bli det ideelle fremkomsmiddel på slike steder. Det skal bare en skarve vei til for at en jeep kan komme fram. Nå er der forresten utsikt til at også Sinober skal få ordentlig veiforbindelse med bygda, for den nye veien gjennom Svenskedalen kommer til å gjøre en sving bort til den gamle plassen.

Vi tar et siste vemonig farvel med folkene på det tradisjonsrike utfartsstedet og slår på nytt inn på Hadelandsveien, i retning av Ormetjern. Dersom vi ikke har drukket og utørste på mineralvann borte på plassen, er det fint å ta et par slurker av den store, klare ollen på høyre side av veien der denne går ut av vangen. Omkring Ormetjern ligger det mange private hytter. De gamle gårdsskoger i disse trakter er til dels utparsellert til hyttetomter. Hyttene bryter stemningen langs den gamle vei, og det er med en viss lettelse vi passerer grensen mellom bondeskogene og Nordmarksgodset, tett ved Ormetjernskollen. For nå forsvinner hyttene, og skogen blir velskjøttet og tett. Veien følger et trangt bekkesøkk ut på en liten myr, og så går det videre nedover mot Buråsen ...

| --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- |



Steming rundt eit bål. Kom deg ut i skogen og opplev det sjølv.

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2012

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort skal ligge ved første sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet. Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988.**

Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Informasjon om andre folkemusikktiskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Og som vår kjære kasserar Elin Berget i laget vårt sier:

Som kasserer er jeg veldig fornøgd med dette :-) Jeg var akkurat innom for å prøve lykken på lotto i kveld. Der fikk jeg registrert Hallinglaget som min grasrotmottaker ... det betyr klingende mynt i kassa vår. Hurra!

Vi må sende ut en e-post til medlemmene våre som informerer om at folk har mulighet til å velge Hallinglaget som grasrotmottaker! Hallinglaget får 5 % av det beløp folk tipper for. Dvs. om en tipper for 100 kr, så får Hallinglaget 5 kr. Det gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Extra. Hurra igjen, støtt Hallinglaget!

Folkedanskveldar hausten 2012

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!

Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	<i>Storsalen kl. 19.30 -22.45</i>	<i>Halli, minikurs 1800-1930</i>	Arrangør lag
02. sep	Bærum spelmannslag	Vestlandsspringar	Sogn- og Fjordaneringen
09. sep	Sofienberg spelmannslag	Vågåspringleik	Rundsnuen Danselag
16. sep	Brødrene Odde	Hallingspringar !	Numedalslaget i Oslo
23. sep	Eiker spelmannslag	Menuett frå Oravais	Symra
30. sep	Østerdølenes spellmannslag	Finnskogspols	Rundsnuen Danselag
07. okt	Steinsgårdskroken	Stildans	Symra
14. okt	Farande Fant	Finnskogspols	Hordaringen
21. okt	Solveien spelmannslag	Springar N-Sunnmøre	Barnelaget i BLS
28. okt	Tonje og Stein Magne	Rørospols	Rundsnuen Danselag
04. nov	Spelemannslaget De frilynde	Stildans	Symra
11. nov	Enebakk spelmannslag	Numedalsspringar	Hallinglaget i Oslo
18. nov	Fanteladdane	Rørospols	Hordaringen
25. nov	Elise og Haldis	Bingsjøpolkska	Sogn- og Fjordaneringen
02. des	Stensgård & Rusten	Vågåspringleik	Rundsnuen Danselag
09. des	Elise Hildrum m/venner	Bodapolska	Sogn- og Fjordaneringen

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 80,- / ikke-medlemmer kr 120,-

Inngang minikurs: Medlemmer og ikke-medlemmer **berre kr. 100,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!)**

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Les meir på: www.bl.no

e-post: bls@online.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: bls@ungdomslag.no

Styret i Hallinglaget 2012–2013

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 2252 2267 – heime 4820 4652 – mobil E-post: grangard@c2i.net
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 4804 0062 – mobil E-post: berit.ellefson@dnbnor.no
Kasserar:	Elin Berget Slemdalsvingen 17, 0776 Oslo	Tlf: 9801 9910 – mobil E-post: elinberg04@hotmail.com
Skrivar:	Sigbjørn Galdal Skogveien 65F, 1640 Råde	Tlf: 4800 9581 – mobil E-post: Sigb-g@online.no
Medlemer:	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Simon Hesselberg Løvald Vibes gate 10A, 0356 Oslo	Tlf: 9363 7316 - mobil, E-post: simonlovald@hotmail.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård Tlf: 4820 4652
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: grangard@c2i.net

Medlemer: Svein Aasen og Hans Kilen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn Tlf: 9587 9270 – mobil
Strømsveien 25, 0658 Oslo E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo, Michel Gascoin og Trond Roseth.

Revisor: Alix Cordray **Tlf.:** 2225 2949

Valnemnd: Ola Imset, Grete Iversen og Svein Aasen.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bl.no, www.folkedans.com, www.folkemusikkscena.no og
www.dans.laus.no!

Hallingbu



EREB
32%